

Bondeungdomslaget i Stavanger



Noregs Ungdomslag

ved styreleiar Torbjørn B. Lauen

Sandnes 22.02.2022

Innspell Lovendringsframlegg fra Bondeungdomslaget i Stavanger

Bondeungdomslaget i Stavanger kan ikkje støtta framlegga til endringar frå Norges Ungdomslag av dei to lovparagrafene «Trygg Samværskultur» og «Språkbruk».

Bondeungdomslaget finn framlegget til paragraf 2 Trygg samværskultur forvirranda der det ligg føre to alternativ. Vi vil heller støtte framlegget til Bergen Ungdomslag Ervingen:

Trygg samværskultur

1. Noregs Ungdomslag skal arbeide aktivt for å skape ein attraktiv og rusfri samværskultur for alle.
2. Alle tilskipingar på sentralt plan skal vera rusfrie.
3. Styret i Noregs Ungdomslag vedtek etiske retningsliner som gjeld for heile organisasjonen, og peikar årleg ut to verneombod for Noregs Ungdomslag.

Når det gjeld paragrafen om Målbruk meiner Bondeungdomslaget i Stavanger at dette endringsframlegget frå Noregs Ungdomslag vil utvanne bruken av nynorsk i ungdomslagsrørsla. Vi støttar derfor framlegget til Bergen Ungdomslag Ervingen også når det gjeld denne paragrafen:

Språkbruk

1. Tillitsvalde og tilsette, lag og lagsbruk i Noregs Ungdomslag pliktar å fremja det norske språk og dialektmangfaldet. Noregs Ungdomslag har eit særleg ansvar for å verna om den nynorske skriftkulturen.
2. Tenestemålet i Noregs Ungdomslag sentralt er nynorsk.

Helsing Bondeungdomslaget i Stavanger

Anne Marie Nerby
Ved Leiar Anne Marie Nerby